



Mars / april 2015

Til deg som eig/festar eigedom i Skodje kommune

Taksering av eigedommar i Skodje kommune 2015

Denne informasjonen vert sendt til deg som står registrert som heimelshavar på eigedom i Skodje kommune. I dei tilfella der det er fleire heimelshavarar på ein eigedom, blir den som mottek brevet oppmoda om å orientere medeigarane.

Bakgrunn

Skodje kommunestyre vedtok i sak 34/14 og 71/14 innføring av eigedomsskatt i Skodje kommune. Kommunestyret vedtok å skrive ut eigedomsskatt på eigedomar i heile kommunen.

Eigedomsskatt og utrekning av skatt

Det er kommunestyret som skriv ut eigedomsskatt. Eigedomsskatten er den einaste skatten som kommunen sjølv har styring med, og den einaste skatteforma der heile den utskrivne skatten vert verande fullt ut i kommunen sin kontroll.

Eigedomsskattelova slår fast at eigedomsskattetakstar som hovudregel skal spegle anslått omsetningsverdi ved fritt sal. Det er kommunestyret som fastset skattegrunnlag og skattesats. Kommunen kan etter lova frita spesielle eigedommar for eigedomsskatt. Eigedom som blir driven som gardsbruk eller skogbruk har obligatorisk fritak for eigedomsskatt - med unntak for bustadbygg, garasje, fritidsbygg og næringsbygg for anna føremål.

Takseringa i Skodje kommune vil skje på to ulike måtar, avhengig av om bustaden har formuegrunnlag eller ikkje.

Eigedomar med formuegrunnlag – ingen taksering

Frå og med 2014 kan kommunane velje å bruke den forventa marknadsverdien som Skatteetaten har fastsett på bustader/bustadeigedomar som takseringsgrunnlag. Denne verdien vert gjerne kalla formuegrunnlaget, og er eit overslag på bustaden sin marknadsvardi, rekna ut frå areal, byggeår, bustadtype, plassering og opplysningar om omsette bustader i kommunen. Kommunestyret har vedteke at formuegrunnlaget skal brukast som grunnlag for eigedomsskatt for alle bustader/bustadeigedomar (primærbustad) som har dette. Desse vil altså ikkje bli takserte av kommunen.

Eigedomar utan formuegrunnlag - skal takserast av Skodje kommune

Fritidseigedomar, nærings eigedomar, verk og bruk og bustader/bustadeigedomar som Skatteetaten ikkje har registrert formuegrunnlag for, skal takserast av kommunen.



Skodje kommune

Eigedomsskattetaksten byggjer på faktaopplysningar og skjønsmessige vurderingar. Faktaopplysningar om eigar, adresse, areal på bygningar og tomter blir henta frå offentlege register (Hovudkjelde: Matrikkelen). I dei skjønsmessige vurderingane blir både generelle og spesielle forhold ved eigdommen lagt til grunn. Næringseigdommar, samt verk og bruk, blir handsama spesielt.

Synfaring

Det blir gjennomført ei utvendig synfaring for å bli kjent med forhold på og rundt eigdommen som kan verke inn på taksten. Som ein del av takseringsarbeidet vil det bli teke minst eitt utvendig foto av kvart objekt. For verk og bruk, samt ved behov når det gjeld næringseigdommar, skal det også gjerast innvendig synfaring av eigedomane.

Dersom eigar av eigedom ønskjer å delta eller ønskjer å melde inn tilhøve om eigdommen som kan påverka taksten, kan dette meldast på telefon 930 63 256 (mellom kl. 9.00 og 15.00 måndag-fredag) eller e-post eaarl@broadpark.no ([takseringsfirma Jeessaa AS ved Eivind Aarland](#)). Hugs å gje opp telefonnummer slik at vi kan kontakte deg for nærare avtale.

Retningslinjer for taksering

Kommunestyret valde i møte 10.02.2015 ei sakkunnig takstnemnd og ei klagenemnd. Det er sakkunnig takstnemnd som fastset takst på eigedomane og gjer vedtak om fastsetjing av eigedomsskatt. Som eit hjelpemiddel i synfaringa og den påfølgjande takseringa vert nytta «Rammer og retningslinjer for taksering i medhald av lov om eigedomsskatt i Skodje kommune» (under arbeid), som blir å finne på kommunen si heimeside www.skodje.kommune.no.

Taksten nemnda kjem fram til, vil stå fast i 10 år dersom forholda på eigdommen ikkje endrar seg. For dei som har formuegrunnlag vil taksten endre seg i tråd med eventuelle endringar i denne.

Offentleg ettersyn

Takst og utrekna eigedomsskatt blir lagt ut til offentlig ettersyn innan 15. juni 2015. Du vil då få tilsendt informasjon om taksten på eigedomen din og eigedomsskatten du skal betale, samt informasjon om takseringsgrunnlaget.

Du vil samstundes få ei orientering om dine rettar til å klage på takst/skatt.

Kontaktinformasjon

Dersom du har spørsmål kan du kontakte oss på e-post regine.bruteig@skodje.kommune.no, eller telefon 70 24 40 00.

Brev sender du til : *Skodje kommune*
Rådhuset
6260 Skodje

Hugs å oppgje namn på eigdommen (gnr/bnr/fnr/snr) ev. adresse, namn på eigar/eigarrepresentant, og telefonnummer eller e-postadresse.

For meir informasjon, sjå www.skodje.kommune.no/eigedomsskatt